



## Fylkesmannen i Rogaland

### Rapport frå tilsyn med samfunnstryggleik og beredskap i Suldal kommune 17. april 2013

**Kommunens adresse:** Suldal kommune, Eidsvegen 7, 4230 Sand  
**Tidsrom for tilsynet:** 2013  
**Kontaktperson i kommunen:** Dagfinn Helland

#### Samandrag

Tilsynet blei gjennomført med heimel i lov 26. juni 2010 om kommunal beredskapsplikt, sivile beskyttelsestiltak og Sivilforsvaret (sivilbeskyttelsesloven) § 29 og forskrift 22. august 2011 om kommunal beredskapsplikt § 10.

Tema for tilsynet var Suldal kommune si oppfylging av beredskapspliktene etter §§ 14 og 15 i sivilbeskyttelseslova og forskrift om kommunal beredskapsplikt.

Tilsynet avdekket to avvik:

#### Avvik 1

Kommunen har ikkje ein heilskapleg risiko- og sårbarheitsanalyse som oppfyller krava i lov og forskrift.

#### Avvik 2

Kommunen sin overordna beredskapsplan oppfyller ikkje krava i lov og forskrift.

Stavanger 22. august 2013

Rapporten er laga av:

Reidar Johnsen  
revisjonsleiar

Grete Flåten  
revisor

## **Innhald**

Samandrag .....	1
1. Bakgrunn for tilsynet .....	3
2. Rammer for tilsynet .....	3
3. Hovedinntrykk .....	3
4. Resultat frå tilsynet .....	4
5. Grunnlagsdokument .....	5
6. Deltakarar ved tilsynet .....	6

## **1. Bakgrunn for tilsynet**

Tilsynet er gjennomført med heimel i lov 26. juni 2010 om kommunal beredskapsplikt, sivilbeskyttelse og Sivilforsvaret (sivilbeskyttelseslova) § 29 og forskrift 22. august 2011 om kommunal beredskapsplikt § 10.

Tema for tilsynet var Suldal kommune si oppfylging av beredskapspliktene etter §§ 14 og 15 i sivilbeskyttelseslova og forskrift om kommunal beredskapsplikt. Vi ville undersøke om kommunen i tråd med krava i lov og forskrift hadde:

- ein heilskapleg risiko- og sårbarheitsanalyse (ROS-analyse)
- lagt ROS-analysen til grunn for arbeidet med samfunnstryggleik og beredskap i kommunen og for utarbeiding av planar etter plan- og bygningslova
- ein overordna beredskapsplan.

## **2. Rammer for tilsynet**

Tilsynet er gjennomført etter prinsippa for systemretta tilsyn. Skriftleg revisjonsvarsel blei sendt 25. januar 2013. Fylkesmannen har granska relevant dokumentasjon på førehand. På tilsynsdagen hadde Fylkesmannen opningsmøte, intervju med sentrale personar i kommunen og sluttmøte.

Denne rapporten handlar om eventuelle avvik og merknader som er avdekka under revisjonen. Avvik er manglande etterleving av krav fastsette i føresegnene om kommunal beredskapsplikt i sivilbeskyttelseslova og/eller i forskrift til kommunal beredskapsplikt. Merknad er funn det er grunn til å peike på for å sikre forbetring i oppfølging av føresegnene i beredskapsplikta.

Vi gjer merksam på at tilsynet ikkje gir ei fullstendig vurdering av kommunen sitt arbeid med samfunnstryggleik og beredskap

## **3. Hovudinntrykk**

Suldal kommune ligg i Ryfylkeregionen og har omlag 4000 innbyggjarar. Landskapet er prega av fjordlandskap, skog, høge fjell og djupe dalar. Landbruket er ei hovudnæring med bygdeturisme og småkraftverk som tilleggsnæringar. Andre større næringar er bergverk, transport, fiskeoppdrett, trevareindustri og handel og service. Suldal reknast som ein kraftkommune, og Noregs største kraftutbygging har vore i kommunen. Når det gjeld risikopotensiale i kommunen vil vi trekkje fram risiko knytt til naturen som ras og flaum, risiko i samband med dei ulike næringane, lang kystlinje og mange dammar. RV13 går gjennom kommunen. Denne vegen har ikkje den standard som er forventa av ein riksveg. Den er smal og utsett for ras. Suldal er og ein stor hyttekommune. Innbyggjartalet aukar i feriane noko som kan gi ekstra utfordringar for beredskapen.

Når det gjeld arbeidet med samfunnstryggleik og beredskap har kommunen ikkje ein heilskapleg ROS- analyse. Dei har rett nok ein gammal analyse frå 1999, men denne er ikkje oppdatert. Som i mange små kommunar ser vi det er avgrensa med ressursar sett av til konkret samfunnstryggleiks- og beredskapsarbeid. Dette gjer kommunen sårbar når det gjeld oppfølging av beredskapsarbeidet. Forbetringpunkta som Suldal og Fylkesmannen var einige om i samband med tilsynet i 2008 er ikkje følgde opp i og med at kommunen ikkje har ein heilskapleg ROS-analyse på plass.

Når det gjeld krisehandtering er det mykje kunnskap samla i kommuneadministrasjonen. Det er viktig at verdfull kunnskap blir ført vidare til dei som er nye i organisasjonen. Det betyr at beredskapsplanen i større grad må skildre ansvar og oppgåver til dei ulike rollane i kriseleiinga og ta meir omsyn til stabs- og støttefunksjonar. Fylkesmannen meiner at kommunen bør ha ein lågare terskel for å etablere kriseleiing for å samordne innsatsen ved ekstraordinære situasjonar. Om det ikkje utviklar seg til noko alvorleg er det berre å oppløyse kriseleiinga. Det vil uansett vere god trening for medlemma i leiinga.

Vi ser at kommunen har lagt vekt på å få samfunnstryggleik og beredskap inn i kommuneplanprosessen. Det er og positivt at ROS-analysar på tenestoområde som til dømes vassforsyning har blitt følgde opp gjennom økonomiplanen.

#### **4. Resultat frå tilsynet**

Følgjande avvik blei avdekkja under tilsynet med Suldal kommune:

##### **Avvik 1:**

Kommunen har ikkje ein heilskapleg risiko- og sårbarheitsanalyse som oppfyller krava i lov og forskrift.

*Avvik frå følgjande lov- og forskriftskrav:*

Sivilbeskyttelseslova § 14

Forskrift om kommunal beredskapsplikt §§ 2, 3 og 9.

*Utfyllande kommentarar:*

- Kommunen har ein forenkla ROS-analyse frå 1999. Denne er forelda og ikkje i samsvar med krava i lov og forskrift.
- ROS- analysen er ikkje forankra i kommunestyret.
- Eksisterande og framtidig risiko i kommunen er ikkje tilstrekkeleg utgreidd.
- Det er ikkje tatt med korleis ulike risikofaktorar påverkar kvarandre.
- Analyse av kritisk infrastruktur og kritiske samfunnsfunksjonar manglar.
- Behovet for evakuering og befolkningsvarsling er ikkje omhandla.
- Det er ikkje oversikt over kven som har vore med i prosessen og om relevante offentlege og private aktørar har vore inviterte med i analysen.

##### **Avvik 2:**

Overordna beredskapsplan oppfyller ikkje krava i lov og forskrift.

*Avvik frå følgjande lov- og forskriftskrav:*

Sivilbeskyttelseslova § 15

Forskrift om kommunal beredskapsplikt §§ 4-9.

### *Utfyllande kommentarar:*

- Beredskapsplanen er ikkje utarbeidd med utgangspunkt i ein heilskapleg ROS-analyse.
- Sjølv om det har vore oppdateringar i planen er det ikkje dokumentert at planen er etter ny lov og forskrift.
- Plan for kommunen si kriseleiing, det vil seie oppgåver, roller og ansvar, må vere meir tydeleg. Det må gå fram kven som er med i støtteapparatet som til dømes sentralbord og loggføring. I tillegg må varapersonar ut frå planen vite kva slag rolle dei har.
- Ressursoversikta er ikkje fullstendig. Den er ikkje basert på eventuelle hendingar skissert i ROS-analysen. I tillegg er ikkje kommunen sine egne ressursar tekne med. Det er heller ikkje dokumentert om det er gjort avtalar med relevante aktørar.
- Det manglar ein evakueringsplan og plan for befolkningsvarsling.
- Informasjonsplanen må reviderast. Den må vere meir konkret og utfyllande. Det må vere ei oversikt over kva oppgåver som skal gjerast og kven som skal gjere desse. Døme på dette er kven som skal handtere sentralbordet og oppdatere nettsida i ei krise. Varsling internt i kommunen er også fråverande i planen.

Sidan kommunen manglar ein heilskapleg ROS-analyse har Fylkesmannen ikkje gått inn på § 3 i forskrifta om heilskaplege og systematiske samfunnstryggleiks- og beredskapsarbeid. Dette arbeidet skal vere dokumentert forankra i den heilskaplege ROS-analysen.

## **5. Grunnlagsdokument**

Oversikt over dokument som vart nytta under tilsynet:

- Risiko og sårbarheitsanalyse for Suldal kommune(1999)
- Beredskapsplan for krisesituasjonar i Suldal kommune (oppdatert 11. februar 2013)
- Beredskapsplan for vannforsyningen i Suldal kommune (oktober 2011)
- Tiltaksplan for akutte kriser (revidert mars 2013)
- Helseberedskapsplanen for Suldal kommune (revidert 20. mars 2013)
- Smittevernsplan for Suldal kommune (revidert 22. mars 2013)
- Planprogram for kommuneplan Suldal kommune 2014-2025
- Fråsegn frå Fylkesmannen til planprogram for Suldal sin kommuneplan 2014-2025
- Planstrategi 2012-2016
- Kommuneplan for Suldal kommune 2009-2020
- Risikoanalyse vannforsyningen i Suldal med analyseskjema (februar 2011)
- Analyse av brannrisiko og sårbarheit i Suldal kommune med scenarier (januar 2012)
- Økonomiplan med handlingsprogram 2013-2016
- Rapport etter gjennomgang av system for samfunnstryggleik og beredskap i Suldal kommune 17. desember 2008

## 6. Deltakarar ved tilsynet

I tabellen under er det gitt ei oversikt over deltakarar på opningsmøte, intervju og sluttmøte.

Navn	Funksjon /stilling	Opningsmøte	Intervju	Sluttmøte
Torkel Myklebust	ordfører	X	X	X
Øvind Valen	rådmann	X	X	X
Dagfinn Helland	ass. rådmann/ beredskapskoordinator	X	X	X
Endre Gjil	bygdeutviklingssjef	X	X	X
Torbjørn Guggedal	stabsjef/informasjonsansvarleg	X	X	X
Grethe Anglevik Johnsen	helsesjef	X		X
Valdemar Brinch Larsen	kommuneoverlege	X		X
Lauritz Lauritzen	bygg- og eiendomssjef	X		X
Morten Aarhus	brannsjef	X		X

Frå Fylkesmannen i Rogaland deltok:

- Reidar Johnsen, revisjonsleiar/fylkesberedskapssjef
- Grete Flåten, revisor/seniorrådgivar